



Møtereferat - planforum 14.10.14

Stad: Videomøte. Leikanger og Førde

Referent: Torbjørn Hasund

Kl. 09.00 – 11.30 - Sogndal kommune – områderegulering Fjøra Vest

Til stades: Einar Nedrelo, Markus Mohn Werner, Cornelis Erstad, Torun Torheim - Sogndal kommune, Heidi Sandvik FM miljøver, Oddgeir Aardal FM landbruk, Terje Systad - NVE, Knut Åland - FK kulturavdelinga, Mona Steinsland, Trond Sundby, Torbjørn Hasund – FK plan- og samfunnsavdelinga

Werner informerte om føringar for planarbeidet. Folketalsauke ei overordna føring for planarbeidet. Områdeplanar for sentrum, Fjøra Vest er den første av desse. Ei stor utfordring er Lerumskaien. Erstad tok det vidare og skildra planen og vidare planarbeid. Mjuka trafikantar sine premiss. Gamal trehusbebyggelse verna med omsynssone etter PBL. For BFK – områda (bustad, fortetting, kontor) er det sett krav om underjordisk parkering. Mål om bustader med plass til 1000 personar innanfor områdeplan Fjøra Vest, 3000 nye i sentrum totalt. Høgde på Flåtengården (moh) sett som maks høgde på vidare utbygging i sentrum.

Erstad – omsynssone bevaring; stort sett som i eksisterande planar, lagt til nokre fleire bygg, men også tatt ut eitt bygg(heilt i sørvest bak Lerumsbygget).

Sundby om at utnytting av Lerumskaien kanskje er den største problemstillinga. Werner – møtet i arkitektforeninga såg på heilskapen i sentrum. Alternativ med størst høgde og masse på Lerumskaien, vil etter deira meining endre Sogndal sin karakter. Også diskusjon om BFK som er opna for fullstendig utskifting, der dei små gamle elementa kan verte sanert og bytt ut med heilt ny situasjon.

Steinsland – burde i denne diskusjonen vore snitt og illustrasjonar som viser heile sentrum i samanheng.

Sundby – løfta fram fjordstien gjennom Lerumsområdet, tilkomst og trafikk i sentrum, inkludert parkering på vestsida. Nedrelo – føresetnaden for planarbeidet er at parkeringsbehovet til bustader på Lerumskaien må løysast på tomten. Konsekvensar

for trafikk i sentrum er ikkje avklart i dette planframlegget, det er sett krav til trafikkanalyse for detaljplanarbeidet på Lerumskaien. Føringer i kommuneplanen på parkeringskrav i sentrum

Werner - målet med dette arbeidet er å setje generelle ytre rammer med krav om detaljregulering før utbygging. Steinsland - i staden for tekniske vilkår må det verte argumentert med naturgjevne og bygde vilkår, dei skal kome først. Det bør ligge føre ein strategi for at fellesstrukturane skal verte lagt først og vere styrande for bygningane. Werner – administrasjonen er faglig sett utfordra, med bakgrunn i politiske og økonomiske krav og føresetnader for planarbeidet. Det bygdeverkstaden kom fram til er delvis tatt med vidare i arbeidet. At Lerum skal få økonomi for flytting av fabrikk gjennom utbygginga er ei økonomisk føring for arbeidet.

Sundby – det er stilt som vilkår veldig høg utnytting, fellesrommet må takast vare på. Arkitektkonkurransen med sterke føringer kan vere ei løysing. Innspel frå Veidekke / Lerum, 10 etasjar 20 000 BRA, tomta 5200 m². I tillegg har det kome inn andre alternativ. 2 alternativ lagt fram, minste og største, konkret forslag gjennom plan vil ligge mellom dette.

Sandvik – mogleg med urbant jordskifte og gje Lerum alternativt areal for å sikre dei økonomi til flytting med mindre utbygging på Lerumskaien?

Sundby – arkitektkonkurransen. Nedrelo – meiner vi må klare å setje overordna føringer gjennom føresegnar i dette planarbeidet, arkitektkonkurransen må kome i høve detaljregulering. Sogndal kommune ønskjer attendemelding på føringer som skal nedfellast i føresegnene for områdeplanen. Steinsland - store bygningar her nede vil i seg sjølv kunne skape klima (mikroklima). Sol, vind, tenande sonar, grønstrukturar, kompletterande strukturar, det er på dette plannivået ein kan leggje føring på strukturane. Kommunen må lage seg eit for konsept kva vil ein sikre og oppnå, og så planlegge ut frå det.

Steinsland – gjennom fråsegn kan vi gje innspel på konsept for områdeplanen. Sundby nemnde konferansen om sentrumsutvikling som kan vere med som grunnlag for vidare detaljregulering.

Diskusjon om sentrumsstruktur. Steinsland - relasjonssoner som seier noko om relasjonane mellom ulike strukturar. Områdeplanen må identifisere kva soner som må sjåast i samanheng. Det må setjast krav til utbyggjar om at dei må investere i fellesstrukturar og fellesverdiar, det vil vere med på å sikre Sogndal sin identitet.

Systad – om stormflo og havnivåstigning. Det må avklarast mellom kommunen (Lerstad) og NVE kva som skal leggjast til grunn som nivå på byggjegrund

Åland - Tiltak i sjø, FK KA sender vidare til Bergen Sjøfartsmuseum som vil gjennomføre kulturminnefaglege undersøkingar i sjø.

Sandvik – ved bygging / mudring i sjø er det fare for spreining av ureina grunn. Det må takast prøver som vidare skal leggjast til grunn for løysing. Dette må inn i føresegner. Gjeld også ureina grunn på land. Også verna lakseførande elv. Føresegnene bør og seie noko om bevaring / etablering av kantvegetasjon langs elva. Steinsland – vegetasjon viktig for større biologisk mangfald. Dette er ei trekkfull sone, kan betrast også for folk og opphald. Vegetasjonssone som også sikrar opne område for visuell kontakt med elva.

Sandvik - sikre at føremålet i sjø / vassdrag er det rette i høve å sikre alle dei interessene som er der. Sikre i føresegner at det vert teke tilstrekkeleg omsyn til elva. Sentrum – sikre universell utforming, tilstrekkeleg med grøntareal med godt oppvekstmiljø for born og unge.

Sundby – om bruk av tre i bygging. Viste til Växjö kommune i Sverige, der det er politisk vedtatt at store delar av ny tettstadsbebyggelse skal byggast i tre. Åland-naturleg å ta vare på dei gamle trehusa. Ha igjen restverdiar, små enkeltbygg og lommar av eldre bygg inne mellom større næringsbygg. Nemnde ulike eksempel på eksisterande bygg som ligg inne i BFK – områda som ligg opp mot Gravensteinsgata. I BFK-føremåla er det opna for at desse kan sanerast, det vil vere uheldig. Diskusjon om desse husa skal sikrast betre gjennom områdeplanen. Kommunen ønskte attendemeldingar på dette gjennom fråsegn til høyringa.

Grøntområdet og parken i sentrum også eit viktig tema. Utgangspunkt i At dei har lagt opp til å sanere to bygningar / tun for å få plass til dette i tilknytning til eksisterande parkområde. Steinsland målbar eit syn på at park ikkje treng vere eit stort samla område men heller små område knytt saman av grønstrukturar. Bustadhusa i det området som i framlegget er lagt ut som friområde kan inngå i parken, treng ikkje sanerast. Poenget er at det ikkje skal vere privat bustadområde, men treng heller ikkje vere flat plen. Ho meinte BFK 8 kan nyttast som parkområde, sjølv om det ikkje er i direkte tilknytning til resten av parkområdet. Det viktige er god grøntstruktur mellom områda. Diskusjon utan endeleg konklusjon.

Sundby – avslutning. Planlagt tettstadseminar saman med Lærdal kommune, arkitektforeninga og høgskulen. Ønskte også samarbeid med Sogndal kommune og knytt opp mot deira sentrumsutvikling. Åland – ønskte at også kulturavdelinga vert kopla på planlegginga. .